

Rotary kulturprisvinnar

1984

Marta Stave



Marta Stave var fødd 07.01.06 i Innvik i Nordfjord. Ho kom til Brattvåg i 1934 og vart gift med Jonas Stave i 1938. Marta døde den 03.09.1995. Jonas Stave f. 07.08.1910 på Stadtlandet. Døde 30.01.1984.

Marta og Jonas vart busett i Brattvåg der dei bygde seg hus og dei fekk ein gut og tre jenter.

Marta fortel: Då eg for første gong kom på "Hildre", det var i 1929, og såg den snaue Hildrestranda og Brattvåg - utan eit tre- kunne eg mest ikkje tru det. Eg hadde aldri vore så langt ut mot havet før, og det minte meg mest om stølen heime, altså på høgfjellet. Men sidan har dette vorte min heimstad og i dag kunne eg ikkje tenke meg å bu annanstad. Det er dei som reiser til heimstaden når dei vert eldre, men ikkje eg. Det er her eg er, og her høyrer eg heime. Ei av dei sakene som stod Marta nærast, var barnelosjen "Von". Sidan 1948 har ho stått i dette arbeidet, åleine som leiar det meste av tida. Mange born har gjennom arbeidet i denne fråhaldslosjen, lært Marta å kjenne, og fått ein viktig lærdom med seg i livet. Og mange av dei har seinare blitt verdfulle støttespelarar i arbeidet. Marta ga rett og slett "Von" i seg sjølv.

Styret i Brattvåg Rotary valde Marta Stave med denne grunngevinga :

Marta Stave får kulturprisen for sitt mangeårige arbeid mellom born og unge i barnelosjen Brattvåg Von. Ho har vore med i losjearbeid sidan før krigen og i 36 år har ho halde losjearbeidet gåande åleine. Ho var samfunnsinteressert og har klare meiningar og ho var den første kvinna i Haram kommunestyre. Ho har også teke del i kulturlivet som mykje brukt prologforfattar.

Prisen på 2500,00 kroner vart delt ut i samband med ein kulturkveld på "Våghall" 05.04.1984.

President Jostein Skjelten yngste alle velkomne til denne spesielle festkvelden. Det var samansett eit godt og morosamt program som tok til med songen "Det er Rotary!s høge og edle mål. Den vart framført av dobbelkvartett frå klubben. Deretter følgde "Lovtale yver culturen" av Ivar Aasen, lese av Per Martin Sønderland. Gro Hofseide song to songar frå "Småkraftverk" med eiga tonesetjing og eige pianoakkompanement.

President Jostein Skjelten orienterte først litt om Rotary, om fondet og om korleis denne kulturkvelden vart til. Der etter foretok han den høgtidlege handlinga med utdeling av prisen med diplom. Prisvinnar Marta Stave takka for prisen i ein inspirerande tale og forlot talarstolen til ståande applaus frå publikum. Det vart så sunge "Å leva det er å elska" Deretter kom gruppa "Ebai" som hausta stor applaus for populære, god og fengande musikk. Oddrun Gribbestad kåserte med innfletta eigne dikt. Deretter ei avdeling kammermusikk av kvartetten Kirsten Haugerud, Hans Vestre Huse, Bjørn Andersen og Birger Neergård. Rolv Rørhus song viser av Evert Taube akkompagnert av Arild Sætre. Festkvelden vart av slutta med "Mellom bakkar og berg".

Marta Stave var fødd 07.01.06 i Innvik i Nordfjord. Ho kom til Brattvåg i 1934 og vart gift med Jonas Stave i 1938. Marta døde den 03.09.1995. Jonas Stave f. 07.08.1910 på Stadtlande. Døde 30.01.1984.

Marta og Jonas vart busett i Brattvåg der dei bygde seg hus og dei fekk ein gut og tre jenter.

Marta fortel: Då eg for første gong kom på "Hildre", det var i 1929, og såg den snaue Hildrestranda og Brattvåg - utan eit tre- kunne eg mest ikkje tru det. Eg hadde aldri vore så langt ut mot havet før, og det minte meg mest om stølen heime, altså på høgfjellet. Men sidan har dette vorte min heimstad og i dag junne eg ikkje tenke meg å bu annanstad. Det er dei som reiser til heimstaden når dei vert eldre, men ikkje eg. Det er her eg er, og her høyrer eg heime. Ei av dei sakene som stod Marta nærast, var barnelosjen "Von" . Sidan 1948 har ho stått i dette arbeidet, åleine som leiar det meste av tida. Mange born har gjennom arbeidet i denne fråhaldslosjen, lært Marta å kjenne, og fått ein viktig lærdom med seg i livet. Og mange av dei har seinare blitt verdfulle støttespelarar i arbeidet. Marta ga rett og slett "Von" i seg sjølv.



Styret i Brattvåg Rotary valde Marta Stave med denne grunngjevinga : Marta Stave får kulturprisen for sitt mangeårige arbeid mellom born og unge i barnelosjen Brattvåg Von. Ho har vore med i losjearbeid sidan før krigen og i 36 år har ho halde losjearbeidet gåande åleine. Ho var samfunnsinteressert og har klare meiningar og ho var den første kvinna i Haram kommunestyre. Ho har også teke del i kulturlivet som mykje brukt prologforfattar.

Prisen på 2500,00 kroner vart delt ut i samband med ein kulturkveld på "Våghall" 05.04.1984.

President Jostein Skjelten yngste alle velkomne til denne spesielle festkvelden. Det var samansett eit godt og morosamt program som tok til med songen "Det er Rotary!s høge og edle mål. Den vart framført av dobbelkvartett frå klubben. Deretter følgde "Lovtale yver culturen" av Ivar Aasen, lese av Per Martin Sønderland. Gro Hofseide song to songar frå "Småkraftverk" med eiga tonesetjing og eige pianoakkompanement.

President Jostein Skjelten orienterte først litt om Rotary, om fondet og om korleis denne kulturkvelden vart til. Der etter foretok hjan den høgtidlege handlinga med utdeling av prisen med diplom. Prisvinnar Marta Stave takka for prisen i ein inspirerande tale og forlot talarstolen til ståande applaus frå publikum. Det vart så sunge "Å leva det er å elska" Deretter kom gruppa "Ebai" som hausta stor applaus for populære, god og fengande musikk. Oddrun Gribbestad kåserte med innfletta eigne dikt. Deretter ei avdeling kammermusikk av kvartetten Kirsten Haugerud, Hans Vestre Huse, Bjørn Andersen og Birger Neergård. Rolv Rørhus song viser av Evert Taube akkompagnert av Arild Sætre. Festkvelden vart avslutta med "Mellom bakkar og berg".

